



INFORMASJON OM SAMTYKKE

Evaluering av prosjektet «Gode psykososiale læringsmiljø betrar gjennomføring i den vidaregåande skulen»

Kjære foreldre/føresette

Lenke til samtykkeskjema finner du på slutten av denne teksten.

Vi er ei gruppe forskarar frå Universitetet i Bergen, Nordlandsforskning og Oxford Research som har fått i oppdrag av Kunnskapsdepartementet (KD) å gjennomføre ei evaluering av ulike tiltak som skal auke gjennomføringa i vidaregåande skule. Målet for evalueringa er å undersøke om tiltaka medverkar til å skape eit betre psykososialt miljø og læringsmiljø på utvalte vidaregåande skular.

Skulen som dottera/sonen din skal byrje på, har sagt seg villig til å delta i denne studien, og i det høve inviterer vi han/ho til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga har spørsmål om ho/han sjølv, forventningar ho/han har til det sosiale miljøet i klassen og ved skulen, korleis ho/han opplever skulearbeidet og hennar/hans relasjon til andre ved skulen.

Spørjeundersøkinga vil bli gjennomført i løpet av ein skuletime. Forskarar vil vere til stades under gjennomføringa og svare på spørsmål. Første spørjeundersøkinga skal gjennomførast ved skolestart hausten 2016. Deretter vil det gjennomførast ei oppfølging våren 2017, 2018 og 2019.

For å auke kunnskapen om gjennomføring i vidaregåande opplæring ønskjer vi å sjå elevane sitt svar i samanheng med eksisterande registerdata om prestasjonar, fråvær og eventuelle sluttårsaker.

For å kunne følgje eleven over tid nyttar vi eit unikt, ikkje identifiserbart idnummer. Dette nummeret bruker eleven når ho/han svarar på undersøkinga, og til å setje saman registerdataa frå fylkeskommunen med svara på spørjeskjemaet. Datafila frå fylket vil innehalde unikt id, kjønn, studieretning, snittkarakter, fråvær og eventuell årsak til fråfall. All informasjon vil vere anonymt på forskarane sine hender. Handteringa av koplingsnøkkelen blir handsama av fylkeskoordinator og vil ikkje vere tilgjengelig for forskarane.

Det er frivillig for barnet ditt å delta i prosjektet, og all informasjonen som ho/han eventuelt gir frå seg vil vere konfidensielt og ikkje tilgjengelig for nokon andre, inkludert foreldre/føresette og hennar/hans lærar. Barnet ditt kan trekke seg frå studien på eitkvart tidspunkt ved å informere oss direkte eller gjennom læraren. Dette gjeld og dersom du ikkje ønskjer at me skal nytte svara som barnet ditt eventuelt allereie har gitt oss. For at barnet ditt skal kunne bli med i denne undersøkinga, er vi avhengige av løyve frå deg.

Ved å gi løyve til å ta del i dette prosjektet, gir du oss høve til å nytte svara frå spørjeskjemaet til vitskapelege arbeid, og eventuelt publisere resultatata i vitskapelege tidsskrift, så lenge barnet ditt sin anonymitet blir ivareteken.

Når evalueringsstudien er avslutta vil skulen få ein rapport der resultatata frå studien blir presentert. Vi set stor pris på om du vil la barnet ditt delta i studien.

Dersom du har spørsmål om prosjektet, ta kontakt med ein av oss.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

For å gi ditt samtykke, [klikk her](#)

eller send ein SMS til 97 52 34 27 med svar (ja/nei), skulen barnet ditt skal gå på, studieretninga barnet ditt skal gå på, barnet sitt namn, barnet sin fødselsdato og ditt eige namn (eksempel «JA, FIRDA, STUDIESPESIALISERENDE, OLA NORMANN, 06.09.2000, PER NORMANN»)

Vennlig hilsen
Professor Torill Larsen
Mobil 41 50 11 27
Prosjektleder, UiB

Frida Mathisen
Mobil 97 52 34 27
Prosjektkoordinator, UiB



UNIVERSITETET I BERGEN

